



DEN NORSKE KYRKJA

Høyanger Sokneråd

Dalevegen 4
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100

Kyrkjekontoret 13.05.2021

Møteprotokoll Høyanger sokneråd

Møtedato: 10.05.21

Møtetid: Kl. 18.00

Møtested: Høyanger bedehus

Tilstades: Marit Tonning, Andreas Ester, Vidar Myren, Lars Petter Amundrud, Veronica Vågen og May-Wenche Fossmark

Førfall: Trond Gandrud

Kopi av møteboka går til:

Prost Knut Magne Nesse, ordførar Petter Sortland, rådmann Kjellaug Ekse Brekkhus, kontor Gerda Otterstein, administrasjonssekretær Katarina Vattekar, kyrkjelydspedagog Toril Lange, postmottak Høyanger kommune.

Sakliste

Godkjenning av innkalling, sakliste og møteprotokoll

Innkallinga vart godkjent utan merknader. Sakliste vart godkjent med tillegg av ei innmeld vedtakssak som får saksnummer 015/21.

Møteprotokoll frå 07.04.21 vart godkjent med ein merknad: Vidar Myren var referent i møtet den 07.04.21 og påpeika at noko av teksten i møteprotokollen var endra og forkorta av leiar i soknerådet. Teksten var imidlertid i overensstemmelse med soknerådets vedtak, og vert difor ståande. Møteprotokoll vart godkjent.

019/21

Soknepresten har ordet:

Andreas tok utgangspunkt i kong Salomons dom. Kong Salomo levde og virka ca. 1000 år før Kristus, og var kjend som en klok mann. Den salomonske løysinga er at livet har største prioritet, og alle kan leve med løysinga. Andreas gjorde denne historia aktuell og levande for oss.

Vedtakssaker:

Sak 13/21 Kyrkjeverter må avtalast til fylgjande gudstenester

Onsdag 12.05.21 kl. 18.00

Mandag 17.05.21 kl. 10.00

Onsdag 09.06.21 kl. 19.00

Vedtak:

Høyanger sokneråd vedtek samrøystes:

Marit Tonning er kyrkjevert onsdag 12.05.21, Veronica stiller som reserve.

May-Wenche Fossmark er kyrkjevert mandag 17.05.21 kl. 10.00.

Vidar Myren er kyrkjevert onsdag 09.06.21 kl. 19.00

Sak 014/21 Framtida til Høyanger bedehus.

Saka om bedehuset har vore oppe i soknerådet fleire gonger, sist den 07.04.21. Soknerådet vart ikkje fulltallig og prøve-røysting viste at rådet var delt på midten vedr. ei overtaking av bedehuset eller ikkje. Det vart difor vedteke å finne eit tidspunkt til eit ekstra møte som passar samtlege. Soknerådet er i dag klar for å konkludere i saka og røysing viser slikt resultat:

Fem røysta nei til å gå inn for overtaking av bedehuset på noverande tidspunkt. Ein røysta ja til overtaking. Det var ei blank stemme.

Høyanger sokneråd er gjort kjend med at Sogn og Fjordane Indremisjon kan på visse vilkår gå med på ein leigeavtale med Høyanger sokneråd. Høyanger sokneråd har då eit teneleg kyrkjelydshus som kan nyttast til samlingar, konfirmantundervisning og møter etter kyrkja sitt behov.

Vedtak:

Høyanger sokneråd vedtek samrøystes å gå inn i forhandling med Sogn og Fjordane Indremisjon om vilkår for leigeavtale av Høyanger bedehus.

Sak 015/21 Ny gudstenesteordning i Den norske kyrkja.

Gudstenesteutvalget i Høyanger vedtek å fortsette med same gudstenesteordning som før, det vert inga endring. Ved endring av gudstenesteordning skal saka leggest fram i soknemøte. Høyanger sokn vel å fortsette med den ordninga som har vore. Det er difor ikkje nødvendig å kalle inn til soknemøte før soknerådet avgjer saka.

Vedtak:

Høyanger sokneråd vedtek samrøystes å fortsette med dagens gudstenesteordning utan endringar.

Referent
May-Wenche Fossmark